


Nr. 1-2014, årgang 49.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



Side 6: Barnegospel for heile Kviteseid.
Side 10: Kyrkjebadet markerer to 100-åringar.



Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615

Aktuelle adresser:

Kyrjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid
E-post:
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Olav Nordskog
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48

Håkon Heggtveit
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48

Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
E-post: hallvardnj@gmail.com

Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80

Om bladet

Framsidedfoto: Kjell Arne Norum
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bidragstatarar i dette nummer: Hallvard
Nordbø Jørgensen, Olav Mosdøl, Olaf
Engestøl.



Foto: fra filmen Son of God. URL: <http://sonofgodresources.com>

Hvilken Jesus?

Helt siden jeg var liten husker jeg spørsmålet «tror du på Jesus?»; et stadig viktigere spørsmål for meg blir «Hvilken Jesus tror du på?»

På Jesu tid trodde de fleste av menneskene at Jesus skulle være en politisk skikkelse som skulle drive ut de romerske okkupantene og opprette Israel som en sterk og selvstendig nasjon. Folket håpte at Jesus skulle innfri deres høyeste ønske. Da han ikke gjorde det ble de skuffet og avviste ham.

Selv i den indre krets av hans disipler ser vi dette, og på skjærtorsdag griper de til våpen da Jesus blir arrestert. Da han ble korsfestet på langfredag virket det som det absolutte nederlag og slutten på deres håp og ønsker. De misforsto og høydepunktet i Guds frelsesplan virket som en tragedie for dem. De trodde de trengte politisk

frigjøring, men hva de fikk var det de virkelig trengte, frigjøring fra syndens makt.

Bibelen sier at vi skal ta vår tanke til fange i Kristus, kanskje risikerer vi å ta Kristus til fange i vår tanke.

Olaf Engestøl



Prost Øyvind fekk varm takk av biskop Stein for teneste i 30 år.

Takka av som prost

Øyvind Andreas Jørgensen blei ordinert til prest i Kviteseid i august 1984. Sondag 2. mars 2014 takka han av som sokneprest og prost, etter teneste i nesten 30 år. Han var kallskapellan i Kviteseid i 22 år og blei prost i Vest-Telemark prosti etter utnemning av regjeringa 30. juni 2006. Samtidig var han sokneprest i Eidsborg, Mo og Skafså.

Mot slutten av messa takka Øyvind prestekollegaer, kyrkjeverjer og sokneråd, institusjonar og offentlege

etatar, konfirmantar og kyrkjefolk for fellesskap og tillit. Biskop Stein Reinertsen kom etterpå med gode ord om hans omsorgsfulle og trugne teneste. Han sa det slik: - Kjære Øyvind! Så er dagen komen for å takke for di trufaste gjerning som prest og prost. Du har mange ressursar og gode evner. Du har synt stor interesse for teologi, og du har gleda mange med din musikalske dugleik i song og tonar. I tillegg har vi fått lov å møte humoristen Øyvind.

Etter messa i Tokke kulturhus var det stort festsamvær i kantina på den vidaregåande skulen. Det vart ei minnerik samling på over to timar med lapskaus og kaker, helsingar og

overrekking av gåver. M.a. ein vakker rosemåla bolle og eit særmerkt Kristus-bilde av Reidar Kolbrek.

Olav Mosdøl



Liggjande fremst: Vemund Sanden Tørdal, Helene Helgøy (leiar), Cecilie Wefald Jacobsen (leiar).
Sitjande: Solveig Nordbø, Emilie Heimdal Hauge, Maria Skjæveland (leiar), Signe Øy, Anna (på besøk).
Ståande: Alise Nekstad Grave, Vilde Catherine Kråkenes, Ylva Nordbø, Celine Strand, Astrid Breivik (leiar), Signe Andrea Bakkan, Håkon Birkeland (leiar), Hallvard Jørgensen (prest), Anne L. Olsen (leiar), Wilma Sanden, Maria Karlsen Sanden, Tristan Sæter (leiar), Bjørn Einar Arbøll Sundet.

Karneval

Tysdag 25. februar vart det arrangert karneval på Yngres i Vrådal. Det var Kvitsundteamet som stod i bresjen for dette, og som ein kan sjå på biletet, hadde dei unge vore kreative med kostyma. Det vart ein fin kveld med

mykje lek og moro, andakt og god mat. Ein særleg takk fortener også Håkon Birkeland og ekteparet Breivik, som trufast står på med dette flotte barne- og ungdomsarbeidet.



Kviteseid Barnegospel under øving på Misjonshuset 20.02.2014.

Barnegospel for heile Kviteseid

Kviteseid har vore heldig med barnekor-arbeid gjennom mange år. Vi har høyrte om Unge Røyster sin aktivitet i nesten 40 år. Denne gongen skal vi vende blikket mot Kviteseid Barnegospel. Koret har vore i gang snart femten år, og kyrkjebladet har vore i kontakt med leiaren Åsbjørg Hægeland.

Når blei koret starta?

Kviteseid Barnegospel begynte i 2000. Det var ei av lærarkonene på Kvitsund, Wenche Slimestad, som tok initiativ. Organist Dagfinn Køhn vart med som pianist heilt frå byrjinga. Etterpå leia

Sigrun Kvamme gospelkoret ei stund, og eit år var det to kvitsundelevlar som leia øvingane. Så delte eg (Åsbjørg Hægeland) og Tone Fosse på oppgåvene ein periode. No er det Dagfinn Køhn og eg som er dei formelle leiarane. Vi får god hjelp av nokre foreldre som stiller med praktisk hjelp på øvingane.

Kva med aldersgruppe og visjon for koret?

Dei unge songarane våre er frå 5 år til og med 3. klasse. Vi ynskjer å vere eit barnekor for heile den kristne verksemda i Kviteseid. Formelt er vi

innmeldt i Normisjon, og vi øver på Misjonshuset annankvar torsdag ettermiddag. Som korleiarar satsar vi på at øvingane skal vere eit trygt fellesskap med songglede og leik. Vi vil at ungane skal bli kjende med ein levande Jesus gjennom songar og bibelforteljingar. Vårt mål er også å spreie gode tekstar og fine tonar til dei som lyttar, når vi er ute på songoppdrag.

Korleis er årsprogrammet og kva songar likar de?

I tillegg til dei faste øvingane (annankvar torsdag) syng vi på 7-8 arrangement i året. Det kan vere på familiegudstenester ulike stader i kommunen, sundagstreff på Betel, familiemøte på Fredheim eller Misjonshuset og jolekonserten i kyrkja. Når det gjeld songtypar, er borna glade i songar med fart og rørsle, gjerne med hopp og sprett. Døme på ein slik song er "Så

høgt har Gud elska verda", ein Soul-Children-melodi med Johannes 3.16 som tekst. Men vi prøvar å ha variasjon både på tekstar og melodiar. Derfor synest eg det er flott at ungane også er blitt glade i den gamle salmen «Eg veit i himmerik ei borg.»

Ein kommentar og eit songvers til slutt?
Åsbjörg Hægeland tenkjer seg litt om og seier: - Ungane i koret er nokre verkelege skattar. Både for oss som får vere i lag med dei, og for vår gode Skapar. Vi har ein liten song som handlar om dette. Eg ynskjer og bed om at dei alltid kan bere med seg den gode vissa om at Jesus elsker oss, lei døden for oss, og kjøpte oss fri.

*Eg er ei perle for Jesus,
ei perle med stor verdi.
Jesus leid døden på krossen
for å kjøpe perla si.*

Olav Mosdøl

Konfirmasjon og konfirmantopplegg

Ordet *konfirmasjon* kjem av det latinske ordet *confirmare* som tyder «stadfeste». Konfirmasjonen var opphavleg eit kristen overgangsritual, som markerte overgang frå barndom til vaksen alder. Forståinga av denne handlinga i dag varierer mellom dei ulike kyrkjesamfunna. Sidan 1981 har konfirmasjonen i Den norske kyrkja vore rekna som ei forbønshandling, der Gud stadfester

lovnadene, som blei gjevne til konfirmanten i dåpen.

Dei siste åra har det i Kviteseid vorte prøvd ut nytt konfirmantopplegg. Ved sida av vanleg undervisning og kyrkjebesøk har det blitt lagt opp til større aktivitet for konfirmantane. Dei har m.a. vore på sommarleir. I 2012 reiste dei til Drottningborg på Sørlandet, og i 2013 drog dei til



Dette er ei av konfirmantgruppene som har vore på heimebesøk. F.v. bak: Anne Vadder, Tone Brauti. Framme f.v.: Martin Golid Haugan, Torjus Nordskog Ek Brynlsen, Johannes Slåttun.

Gjennestad i tida 24. til 30. juni. Konfirmantane har også fått oppgåver i gudstenester og delteke som kyrkjevertar, ljósberarar og kollektsamlarar.

I fjor kom også «heimebesøk» på programmet. Det skjedde ved at fire-fem familiar i kommunen tok imot ei konfirmantgruppe kvar, to gonger i løpet av vinteren. Det vart sett av to timar kvar kveld til samtale om aktuelle tema, litt bibelbruk og bevertning. I år har opplegget blitt ført

vidare. Dei 25 konfirmantane vart delte i fem grupper, som kom til dei ymse heimane den 5. og 26. februar. Opplegget var samlingar om «Kristuskransen», som skal hjelpe oss til å sjå nærare på vårt eige liv i ljøs av Jesu liv.

Kristuskransen er eit perleband utvikla av den svenske biskopen Martin Lønnebo. Den inneheld 18 perler, som kan gje hjelp til bøn og meditasjon. Kvar perle ber i seg ein «løyndom».

Den kan me gå inn i og reflektere over, slik at me kan kome nærare oss sjølv, nærare andre menneske og nærare Gud.

Her kan me nemne litt om fire av perlene: Gudserla (gull), ei perle for tru og tillit og kvile i Gud. Eg-perla (perlemor), ei påminning om skapinga i Guds bilete og at me er elska av Gud. Dåpsperla (kvit), til minne om at me er døypte i Guds namn og innlemma i den kristne kyrkja. Gledesperla (mørkeblå),

skal minne om håp for framtida og at Gud er vår Far.

Konfirmantar som kyrkjebladet har tala med, seier seg mykje nøgde med opplegget i år.

For våren 2014 er konfirmasjonsdagane lagde slik: Kviteseid, Kristi Himmelfartsdag 29. mai, Brunkeberg, søndag 1. juni og Vrådal, søndag 8. juni.

Olav Mosdøl

Endringar i gudstenestepLANEN

Som mange nok har merka, har det i vinter vore vesentlege endringar når det gjeld gudstenester i Kviteseid kommune. Bakgrunnen for desse endringane er at kommunen på grunn av ein pressa økonomisk situasjon har vedteke å redusere overføringar til Kviteseid kyrkjelege fellesråd. Dette resulterte i ei nedskjering på om lag 10% i kyrkjebudsjettet, og ein av konsekvensane har vorte at fellesrådet har kutta ei kyrkjetenarstilling på 50%. I tillegg vart det vedteke å gjennomføre "vinterstenging" av kyrkjene i Vrådal, Fjågesund og Brunkeberg frå rundt oktober og fram til påske. Kyrkjene vil vere opne til jol og påske, samt ved gravferder.

Samstundes har det vorte bestemt at 5-6 gudstenester i løpet av vinterhalvåret skal leggjast til Vrådal bedehus, Fjågesund grendehus og Morgedal grendehus. Her vil det då ikkje vere kyrkjetenar til stades, slik at

arbeids-mengda deira totalt sett vert mindre. Poenget med å leggje desse guds-tenestene hit, er at vi kan halde oppe ein del meir av det forordna gudstenestetale i bygdene på vinterhalvåret trass i at vi ikkje kan bruke dei nemnte kyrkjene.

Det er grunn til å tru at endringar i denne retninga uansett ville ha pressa seg på, uavhengig av økonomi. Biskop Stein har nemleg gjeve signal i same retning. Hans tanke er at i kommunar som har fleire mindre kyrkjer, skal det ikkje vere "demokratisk fordeling" av guds-tenester, det vil seie like mange gudstenester i kvar kyrkje. I staden er strategien heller at det skal vere éi hovudkyrkje der det er eit levande og kontinuerleg og pulserande guds-tenesteliv. Meir av ressursane for dei vanlege sundagane i kyrkjeåret skal då kanalisert hit, men utan at det er tale om å "leggje ned" dei mindre kyrkjene.

Det er altså endringar på gang. Vi veit at dei heilt vanlege gudstenestene i dei mindre bygdene ikkje alltid har vore like godt besøkte. Kanskje er det ein betre bruk av ressursar om vi konsentrerer om eit meir gjennomført og sentral gudsteneste. Ei anna side av saka er at det å byggje opp eit levande kristent fellesskap, der medlemmer kan utvikle seg som truande, i nokon grad avhenger av kontinuerleg gudstenesteliv. Det er likevel visse utfordringar også, knytt til desse endringane. Gudstenestetalet totalt sett går opp i Kviteseid, og ned i Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund. For bygdefolk som har sterkast tilknytning til si lokale kyrkje, kan dette opplevast vanskeleg.

Noko av løysinga her, må vere at gudstenestene i Kviteseid på vinterhalvåret får eit meir "allment" preg; at dei ikkje berre er knytt til

Kviteseid-bygda, men også vert knytt til dei andre bygdene. Til dømes kan frivillige delta frå dei andre bygdene; forbøna kan få eit noko vidare innhald; takkoffer kan bli teke opp til kyrkjelydsarbeid i alle bygdene og ikkje berre i Kviteseid. Det er noko godt og sunt kristeleg i dette; at trua som vi deler er større og viktigare enn skiljet mellom bygdene, og at vi kan kome saman til ei "skikkeleg" gudstenestefeiring.

Gudstenestelivet er viktig; det er "pulsslaget" i kyrkjelyden, og her møter vi Gud, evangeliet og den kristne fellesskapen, og vi blir fornya til teneste for nesten. Kyrkjestaben vil gjere sitt for å førebu gudstenestene og invitere til deltaking. Så vonar vi også på god deltaking i gudstenestene framover. Særleg er det å vone at dei som bur i grendene også kan ynskje å reise til Kviteseid kyrkje og delta på det sentrale gudstenestelivet der.

2 på 100 i Kviteseid

Dette året er det to damer i kommunen som fyller 100 år, Dagny Findreng (fødd 25. april 1914) og Margit Grønning (fødd 1. juli 1914). I samband med dette har vi i Kyrkjebladet teke kontakt med dei to damene, som bår held helse og humør oppe. Margit tok godt imot meg på rommet sitt på KOS, og vi fekk ein fin samtale. Ho tykte det var fint å nemne henne i bladet, men takka nei til meir publisitet. Dagny Findreng bur på Midtsundtoppen, og dela ein del refleksjonar om livet, fortida og korleis det er nå hennar alder.

Mykje liv i Vråliosen før

"Eg er fødd i Vråliosen i 1914. Den gongen var det mykje liv i bygda. Det kom mange byfolk med rutebåt frå Tveitsund, og dei ferierte på hotellet i bygda. På dagane gjekk dei turar, til dømes til Napernuten. Dei hang ofte frå seg kleda sine i huset vårt; dei tykte vel at dei som byfolk stod litt over bygdefolket. Eg hugsar ein gong ein foredragshaldar var i bygda og kom innom oss. Då sa han: "Nu har De hatt en Skiensmann også i huset!" Eg trur forresten at Knut Hamsun også budde ein periode på hotellet i Vråliosen.



Kyrkje og bedehus i Vråliosen

Vi var 12 sysken, og vi vaks opp på Naper gard. Her selte vi også mjølk til 18 øre literen. Men på jolaftan var mjølka gratis. Vi måtte ro over vatnet for å kome til skulen, og gutungane på skulen hadde i oppgåve å bere inn ved til oppvarming av klasserommet. Eg har også mange minne frå kyrkjelivet på denne tida. Ja, faktisk laug eg for presten på overhøyringa då eg var konfirmant! Vi vart spurte om kva som var vårt favorittbibelvers. Eg hadde eit favorittvers: "Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og

rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urett." Men eg var redd for at presten skulle spørje om kvar verset stod i Bibelen, for det hugsa eg ikkje. Så eg svara i staden verset som står i Johannes 3,16. Det er no også eit fint vers.

Det var lang veg til kyrkje, så vi gjekk ofte på bedehuset. Emissærane budde ofte heime hjå oss når dei kom for å forkynne. Ein av dei heitte Samson Straand. Han hadde ein gong hatt forfrosne hender, så tuppene hadde falt av. Men han var flink til å spele

harpe. Og så teikna han vakre bibelord på tøyestykke, med gotisk skrift. Desse tøyestykka fekk vi, så vi kunne brodere på dei og så henge dei opp på veggen. Ein annan emissær eg hugsar var "blinde-Knudsen". Han kunne spele på glas; dei vart fylte med ulik vatnmengd, og så fekk han lyd ved å stryke på dei med fingrane.

Ei anna tid, eit anna liv

Eg har elles teke ein god del kurs opp igjennom; i veving, engelsk, matematikk, taleteknikk og møteleiing. Eg vart aldri lærar, men eg har vore aktiv i mykje foreningsarbeid, som KrF og Saniteten. Vevekurset fekk eg også nytte av ein gong då eg som ung reiste på besøk til syster mi i Nissedal, som var gift med kapteinen på Dølen. Då vov eg gardiner og løparar som eg selte, så eg tente pengar.

Livet var verkeleg annleis den gongen. Mannen min, Ralph, og eg gifte oss i 1936. Vi hadde det bra, men det kunne vere trongt reint økonomisk. Vi hadde låg inntekt, og eg måtte sy og strikke klede sjølv. I dag har vi mykje pengar, men det kan også føre til at vi blir bortskjemde og gløymer Gud. Før i tida var også avstandane større. Då eg var ung besøkte eg syster mi på Sagavoll i Gvarv. Det var ein svær tur. Og då bror min gifta seg i Snertingdal i 1936, reiste vi dit på lasteplanet til ein lastebil og vi måtte overnatte på vegen. Men mannen min og eg budde likevel på ein del ulike stader gjennom livet; Lislekås i Vrådal, Råde, Karmøy og så Vråliosen. Ralph døydde i 1996. No har eg budd fem år her på Midtsundtoppen. Her er

det godt å bu, men eg saknar utsikta heimefrå!

Visdom og takksemd etter eit langt liv

Eg har hatt eit rikt liv. Og Gud har halde meg fast. Det viktigaste for meg er at eg kan kome til Gud slik som eg er, at Gud elsker meg slik eg er. Eg ynskjer at vi skal sjå Jesus i Getsemane der han bed på kne, og på Golgata der han bed for syndarane. No er eg skrøpeleg og kan ikkje gjere så mykje. Men eg kan be for dei eg bur med, for familien og dei eg kjenner. Om eg har noko råd å gje til folk i dag, så må det vere at vi tenker på andre, at vi ikkje er egoistiske. Og så er det viktig å hugse på husandakten. Det var Ralph nøye med i familien, kvar dag om morgonen, om det så berre var Fader Vår.

Til slutt vil eg gjerne dele eit dikt. Det har tittelen "Gud som ser." Det er noko av det viktigaste for eit menneske: At ein blir sett og godteken for den ein er. Og det gjer Gud.

"Gud som ser"

Han ser mine hovmodstankar,
men også mismodet mitt.
Mitt hjarta som uroleg bankar,
Ja alt, både stort og litt.
Han seier: "Kom til meg med alt som er leit og surt.
Eg skal så visst ikkje visa deg burt."
Han har meg så inderleg kjær,
ja, han elsker meg slik som eg er.
Han elska ein Tomas som tvila,
Han elska og Peter som falt.
Berre hjå han kan eg kvila,
han som har råd for alt.

Prestens hjørne

Tankar om å søke Gud


Etter å arbeidd nokre år som folkekyrkjeprest i Kviteseid, har eg etter kvart erfart noko viktig: Ganske mange her i kommunen har eit grunnleggjande positivt "eigeforhold" til kyrkja! Som prest er eg veldig takknemleg og audmjuk overfor dette. Det er noko eg freistar å byggje vidare på, i mi teneste for kyrkjelyden. Samstundes merkar eg nok også på same tid at ein del kyrkjemedlemer liksom ynskjer å halde kyrkja litt på ein arm-lengdes avstand. Ein set pris på kyrkja, men vil ikkje kome for nær. Eg har fundert ein del på dette. Kva dreier dette seg om, sånn eigentleg?

Som prest møter eg mange ulike menneske, og eg veit at det også kan vere mange ulike årsaker til at menneske er vare på dette området. Nokre tvilar verkeleg på om den kristne trua kan vere plausibel og meiningsfull. Nokre kjenner dårleg samvit for noko i livet sitt, som dei ikkje vil rippe opp i. Nokre er redde for kva vener og naboar vil seie om ein nærmar seg kyrkje eller kristendom. Nokre er travelt opptekne med ulike syslar i livet, og er nøgde med dette. Nokre tykkjer det er flaut eller skummelt å møte opp i kyrkja. Nokre har dårlege, eller manglande, erfaringar med levande kristen tru, og dei opplever at "dette med kristendom er ikkje noko for meg." Nokre fryktar at det å nærme seg kyrkje og kristen-



dom vil skape mange vanskelege og utfordrande endringar i liv og tenking.

Mange årsaker, altså. Og det er viktig at kyrkja har respekt for menneske og lyttar til deira tankar om desse tinga! Samstundes er eg som prest overtydd om at det er verd å søke Gud - uansett kva situasjon ein er i. Jesus møtte dei audmjuke, dei tvilande, dei usikre, dei brotne, med nåde og ein open famn. Slik må også kyrkja - Jesu kropp - vere! (fort. bunnen av neste side)



I Kristus, nær livet - ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2009–2014,
vedteke av Kyrkjemøtet 2008.)

Døyppte

Vrådal: Melissa Camarena
Straand.

Kviteseid: Signe Marie Holte.
Emilie Meinstad Aasen.

Gravlagde

Vrådal: Jon O. Straand.
Solveig Muren Sanden.
Margit Halland.

Fjågesund: Johan Oddmar Gravir.

Kviteseid: Birgit Skarprud.
Jorunn Rødbakk.
Aslaug Skarprud.

Brunkeberg: Guttorm Kallåk.

(fort. Prestens hjørne)

Eg har eit praktisk råd å gje, til den som er litt på avstand, men som har lyst til å søke nærare Gud og kyrkja. Rådet er dette: Set deg eit lite mål, som du trur du kan klare, om å innarbeide ein liten vane. Det kan vere å oppsøke ei gudsteneste eller ei anna kristen samling ein gong i månaden; å

kontakte presten for ein samtale om noko ein tenker på; å byrje å be fast kveldsbøn; å lese eit dagleg ord frå ei andaktsbok. Så kan du analysere undervegs: Korleis opplever eg dette? Dersom du opplever at dette er fint og rett, så kan du halde fram med å setje deg eit nytt, lite mål. Litt etter litt vil du oppleve at ting skjer, og at du tek steg nærare Gud, mot eit forandra liv. Spennande!

Oppslagstavla

Skysst til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på
tlf. 350 53 784.

Prostisamanslåing

Bispedømmerådet vedtok den 25. februar å be Kulturdepartementet om å slå saman Aust- Telemark prosti og Vest-Telemark prosti til et nytt Øvre Telemark prosti, med verknad frå 01.01.2015. Prostasetet i det nye prostiet vert Seljord.

Frivillig klokkarteneste i Brunkeberg?

Etter at gamlepresten Kjell Arne flytta, har klokkarstolen i Brunkeberg stått tom. Men kanskje nokon kan tenke seg å ta på seg tekstlesing som ei frivillig teneste i ei eller fleire gudstenester i Brunkeberg? Det er ein fin måte å tene fellesskapet på, og samstundes kome nærare Gud. Dersom dette er noko du kan tenke deg, så ta kontakt med sokneprest Hallvard (95922984/hallvardnj@gmail.com).

Gåve til kyrkjebladet?

Vi er veldig glade for alle som kan tenke seg å gje ei gåve til kyrkjebladet. Kontonummeret vårt er 2660.10.30615.

Gudstenesteliste på internett

Gudstenestelista leggjest no ut på internett, på Kviteseid kommune sine heimesider. Google "Gudstenester i Kviteseid" for å få opp lista.

Fader vår med song

Ein del har dei siste åra spurt om det ikkje kunne vere mogleg at Fader Vår vert sunge av kyrkjelyden i gudstenesta, i staden for å bli framsagt. Å synge Fader Vår er veldig vanleg praksis både i andre kyrkjer rundt om i Noreg og i kyrkjer rundt i verda. I løpet av dei neste månadene vil vi difor freiste å gjere dette ved gudstenestene i Kviteseid. Etterpå kan vi evaluere, og sjå korleis kyrkjelyden opplevde dette.

Sundagsskule

Vi arbeider med å få i gang eit sundagsskuletilbod i Kviteseid kyrkje, i samband med gudstenestene her. Fylg med på den oppdaterte gudstenestelista i VTB for å sjå når dette er! I fyrste omgang vil vi prøve å bruke dåpssakristiet i kyrkja til dette, men på sikt arbeider vi for å kjøpe inn ei brakke som kan brukast til dette føremålet. Om vi får i gang tilbodet, kjem vi til å skrive meir om dette etter kvart i kyrkjebladet.

Prestesituasjonen

Vi er veldig glade for at nissedølen Torstein Eidem Nordal har takka ja til 100% soknepreststilling i Kviteseid og Brunkeberg. Slik det ser ut no, byrjar han i stillinga 1. august. Fylg med i VTB for meir informasjon om ordinasjonsgudsteneste, velkomstfest o. l. Fram til Torstein byrjar, vil sokneprest Hallvard N. Jørgensen arbeide 100% som prest i kommunen.

Returadresse:
Kyrkjekontoret
3850 Kviteseid

Gudstenester

MARS

Sun. 30. 3. søndag i faste Luk 11,14-28
Kviteseid kl. 11. Jørgensen. Oftr. Stefanusalliansen.
Nattverd.

APRIL

Sun. 6. 4. søndag i fastetida Joh 11,45-53
Vrådal kl. 11. Undringsgudsteneste for born.
Oftr. Kyrkjelydens Barne- og ungdomsarb.
Kviteseid barnegospel.

Sun. 13 Palmesundag
INGA GUDSTENESTE

Tors. 17. Skirtorsdag Matt 26,17-30
Vesterdal kl. 11. Friluftsgudsteneste. Jørgensen.
Oftr. Kirkens Bymisjon. Kyrkjekaffi.
Hugs varme klede.
Vrådal kl. 18. Jørgensen. Oftr. Sjømannskyrkja.
Nattverd.

Fred. 18. Langfredag Joh 18,1-19,42
Kviteseid kl. 11. Nenseter. Oftr. Blå Kors.
Fjågesund kl. 18. Nenseter. Oftr. Kirkens Nødhjelp.
Nattverd.

Sun. 20. Påskedag Luk 24,1-9
Kviteseid kl. 11. Nenseter. Oftr. Raket Trovis
stiftelse. Nattverd. Kyrkjekoret.
Vrådal kl. 11. Jørgensen. Oftr. Kyrkjelydens
misjonsprosjekt i Ecuador. Nattverd.

Mån. 21. 2. påskedag Luk 24,1-9
Brunkeberg kl. 11. Jørgensen.
Oftr. Kirkens SOS Telemark. Nattverd.

Sun. 27. 2. s. i påsketida Joh 21,1-14
Kviteseid kl. 11. Nenseter. Oftr. Kvitsundrussens
misjonsprosjekt. Nattverd.

MAI

Tors. 1. 1. mai Luk 6,31-36
KOS kl. 11. Jørgensen. Oftr. Kr. Arb. forbund.

Sun. 4. 3. s. i påsketida Joh 10,11-18
Vrådal kl. 11. Jørgensen. Samtalegudsteneste.
Oftr. Kvitsund Gymnas.

Sun. 11. 4. s. i påsketida Joh 16,16-22
Brunkeberg kl. 11. Jørgensen.
Undringsgudsteneste for born.
Unge Røyster. Oftr. Kvitsund Gymnas.

Laurd. 17. 17. mai Luk 1,50-53
Kviteseid kl. 11. Nenseter. Oftr. Kirkens SOS
Telemark. Kviteseid Barnegospel.
Vrådal kl. 11. Jørgensen.
Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.
Fjågesund kl. 1230. Nenseter.
Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.
Brunkeberg kl. 1345. Jørgensen.
Oftr. Kirkens Nødhjelp.

Sun. 25. 6. s. i påsketida Luk 18,1-8
Kviteseid kl. 11. Oftr. Dei fire diakoniinstitusjonane.
Nattverd.

Tors. 29. Helgetorsdag Mark 16,19-20
Kviteseid kl. 11. Jørgensen. Konfirmasjon.
Oftr. Barne- og ungdomsarbeidet.

JUNI

Sun. 1. Søndag før pinse Joh 15,25-27
Brunkeberg kl. 11. Jørgensen. Konfirmasjon.
Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 8. Pinsedag Joh 20,19-23
Vrådal kl. 11. Jørgensen. Konfirmasjon.
Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.
Kviteseid kl. 11. Oftr. Sjømannskirken - Norsk kirke i
utlandet. Nattverd.

Mån. 9. 2. pinsedag Joh 16,5-11
Fjågesund kl. 11. Jørgensen. Oftr. Raket Trovis
Stiftelse.

Sun. 15. Treeiningssundag Matt 28,16-20
Kviteseid kl. 11. Jørgensen. Messe i samband med
gml. grunnlovsmarkering og opning av
bygdetunet. Oftr. kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 22. 2. s. i treeiningstida Matt 3,11-12
Vrådal kl. 11. Oftr. Barne- og ungdomsarbeidet.
Nattverd.

Sun. 29 3. s. i treeiningstida Luk 14,15-24
Kviteseid kl. 11. Jørgensen. Oftr. IKO - Kirkelig
ped. senter. Nattverd.